

"Staten og Den norske kirke - et tydelig skille" - høringsnotat

2. september 2014 med høringsfrist 1. november 2014

Uttale frå Fusa sokneråd - uttale vedteke i soknerådet sitt møte den 29. oktober 2014:

Innleiing:

Høringsnotatet gjeld stort sett tema av juridisk karakter, og hensikten er m.a. å klargjere i større grad skille mellom kyrkje og stat. Intentsjonen er også at Den norske kyrkja opprettheld sin status som folkekyrkja.

1. Soknerådet og fellesrådet si stilling

Den norske kyrkja si verksemd skal framleis finansierast over offentlege budsjett. Det vil framleis liggje til kommunane å ha ansvar for finansiering av fellesrådet sine ansvarsområde lokalt i kommunen og ein del andre oppgåver som soknerådet har.

Soknets rettslege og økonomiske sjølvstende blir difor vidareført som før. Ein opplever lokalt at det er viktig med nær tilknytning mellom kommune og lokalkyrkja. *Fusa sokneråd støtter foreslått vidareføring.*

2. Kyrkjemøtet nytt rettssubjekt

Kyrkjemøte vert eige rettssubjekt for dei områda innan kyrkja der soknerådet ikkje er rettssubjekt.

Finansiering av den sentralkyrkjelege verksemda og deira ansvarsområde vert foreslått gjennomført med ei rammeløyving frå staten til kyrkjemøtet (det nye rettssubjektet). Kyrkjemøtet disponerer ramma. *Dette er ei naturleg endring ut frå det som elles skjer, men samstundes er det eit sårbart system!* Fusa sokneråd vil oppmode om at øyremerking av midlar til m.a. trusopplæring og diakoni held fram. Det vil også vere trong for omstillingsmidlar i ein omorganiseringsfase om den tilrådte framdrifta ein legg opp til skal vere realistisk.

3. Arbeidsgivarspørsmålet - Den norske kyrkja skal framleis vere folkekyrkje

Det må vere eit overordna mål å arbeide for felles arbeidsgivar for alle kyrkjelege tilsette.

Uansett organisering av arbeidsgivartilhøve meiner Fusa sokneråd at det er viktig at kvar kyrkjelyd har "sin prest". Ein har inntrykk av at det har vore ei utvatning av dette fleire stadar dei seinare åra. Viss vi skal vere ei folkekyrkje i mange år framover og samstundes vere ei kyrkje der vi ønskjer vekst og auka engasjement frå dei kyrkjelydsaktive, meiner vi at det har ein samanheng m.a. med korleis prestetenesta vert organisert lokalt!